

RHF-enes strategigruppe for forskning

Kontakt
Sølvi Lerfald
solvi.lerfald@helse-bergen.no
Ingrid Kalsnes
Ingrid.kalsnes@helse-bergen.no

REFERAT til møte i RHF-a si strategigruppe for forskning - torsdag 16. oktober 2014

Kl. 09:30 – 14:30

Radisson Blue Airport Hotell, Oslo Gardermoen

36/2014 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Konklusjon:

Innkalling og dagsorden vart godkjent. Det vart meldt inn tre saker under eventuelt.

37/2014 Godkjenning av referat - møte i strategigruppa 20. august 2014

Konklusjon:

Referatet frå møtet 20. august 2014 vart godkjent.

38/2014 Tverregionale midlar – Helseforsk

Forskringsrådet ved Henrietta Blankson orienterte kort om prosessen rundt den administrative gjennomgangen av søknadene og det planlagde arbeidet i ekspertpanela. Det kom inn 66 søknader i den nasjonale utlysinga, og 62 av desse vert sendt vidare til ekspertpanela for vitskaplege vurdering. Søknadene dekkjer alle 7 områda som er nemnt i utlysinga.

Etter den vitskaplege vurderinga, skal søknadene vurderast for relevans av ein komité samansett av 2 representantar frå kvart regionalt helseføretak og 4 brukarrepresentantar. Alle representantane er no på plass. Strategigruppa har tidlegare vedteke at det berre er søknader med karakter 4 eller betre som skal vurderast for relevans. Dette kan vere utfordrande ettersom oppdraget er å sikre forskning innan alle dei områda som er nemnt i statsbudsjettet. Strategigruppa var samd i at dei områda som ikkje får midlar, vert ivaretekne i ein eigen prosess. Relevanskomiteen får i oppdrag å skissere korleis dette skal handterast.

Det økonomiske ramma er ei annan utfordring. Til saman er det søkt om nærare 1,5 milliard kroner, og om alle områda har søknader som fell innfor kriteria, kan det bli vanskeleg å halde seg innanfor ramma. Når tildelinga er

RHF-enes strategigruppe for forskning

Kontakt

Sølvi Lurfald

solvi.lurfald@helse-bergen.no

Ingrid Kalsnes

Ingrid.kalsnes@helse-bergen.no

klar, vil det trulig difor vere naudsynt å gå i aktiv dialog med dei miljøa som vert tildelt midlar. Dette er ei oppgåve som relevanskomiteen må handtere.

Strategigruppa diskuterte relevansvurdering av søknadene, og vart samd i at forslag til utdjupande kriterium for vurdering av relevans vert utforma av den RHF-baserte arbeidsgruppa som har vore involvert i utlysinga og avtaleverk. Forslaget skal avklarast med strategigruppa sitt arbeidsutval og med Helse- og omsorgsdepartementet.

Arbeidsgruppa nedsett av strategigruppa for å sjå på prosess rundt tildeling av midlane, har levert eit forslag til avtaleverk og praktisk handtering av midlane. Forslaget har vore på ei kort innspelsrunde i RHF-AU. Strategigruppa slutta seg til det framlagte forslaget.

Proessen rundt dei tverregionale midlane skal evaluerast, og det vart peika på at erfaringa frå prosessen vil gje gode innspel til korleis liknande prosessar kan gjennomførast i framtida. Helse- og omsorgsdepartementet orienterte om at det kan kome andre føringar for forskingsmidla med utgangspunkt i helsetenesta sine behov, og vil på neste møte i strategigruppa informera om eit pågåande arbeid.

Konklusjon:

- RHFa si strategigruppe tek informasjonen til orientering.
- ber relevanskomiteen vurdere vidare prosess for område som eventuelt ikkje får tildeling, samt tiltak for å halde tildelinga innanfor dei rammene som er avsett til dei tverregionale prosjekta.
- Strategigruppa ber sekretariatet utarbeide forslag til relevanskriterium på bakgrunn av diskusjonen på møtet. Forslaget skal avklarast med arbeidsutvalet og Helse- og omsorgsdepartementet.
- Strategigruppa vedtek framlagte retningslinjer for prosess og avtaleverk for tildeling av midlar med dei kommentarane som kom fram i møtet.
- Proessen rundt dei tverregionale midlane skal evaluerast.

39/2014 **Prosess fellesoppdrag**

Med utgangspunkt i RHFa sine felles oppdrag, diskuterte strategigruppa forslaga frå arbeidsutvalet om prinsipp for arbeidsform og prosess.

Konklusjon:

RHFa si strategigruppe ber om at prinsippa med dei innspela som kom fram i møtet, vert førande for arbeidet med felles oppdrag.

40/2014 Økt deltaking i EU-prosjekt – kva behov for støtte har helseføretaka

Presentasjon tilgjengeleg på <http://www.helseforsk.no/rhf/>.

Forskringsrådet ved spesialrådgjevar Berit Nygaard orienterte kort om endringar i arbeidet med prosessen for påverknad og gjennomføring av EU-søknader, og utfordra helseføretaka til å kome med tilbakemelding på kva støtte dei har behov for i søknadsprosessane til EU.

Auka deltaking i EU-prosjekt er ei viktig satsing for helseføretaka, og strategigruppa diskuterte saka med utgangspunkt i tiltak og erfaringar frå eigen region. Frikjøp for å skrive søknader, ansvarliggjer av sterke miljø, prosesstøtte før og under søknadsutforming og etter ei eventuell tildeling, samt avklara samarbeid mellom sektorane vart trekt fram som viktige moment. Med utgangspunkt i langtidsplan for forskning og statsbudsjett er det viktig at regionane no finn ut kva det er behov for. Frist for å melde inn behov om støtte frå Forskringsrådet vart sett til 1. november.

Konklusjon:

RHFa si strategigruppe tek informasjonen til orientering

41/2014 Indikatorar for innovasjon

Presentasjon tilgjengeleg på <http://www.helseforsk.no/rhf/>.

I samarbeid med Helse Sør-Øst har NIFU fått i oppdrag frå HOD å lage et forslag til vidareutvikling av innovasjonsindikatorane for helseføretaka. Christoffer Ellingsen ved Idépoliklinikken ved OUS orienterte om status for arbeidet. Oppdatert versjon av gruppas arbeidsdokument følgjer vedlagt.

Konklusjon:

RHFa si strategigruppe tek informasjonen til orientering

42/2014 Prosjektkatalog og konsortieavtale

Presentasjonar tilgjengeleg på <http://www.helseforsk.no/rhf/>.

CRISTin orienterte om arbeidet med prosjektkatalogen. I tillegg innleia Helse Nord v/Tove Klæboe Nilsen til debatt om konsortieavtalen for tidsskrift med

RHF-enes strategigruppe for forskning

Kontakt
Sølvi Lørfald
solvi.lorfald@helse-bergen.no
Ingrid Kalsnes
Ingrid.kalsnes@helse-bergen.no

utgangspunkt i helseføretaka sine forventningar til avtalane. For å kome vidare med konsortieavtalane ber CRISTin om kontaktpersonar på helseføretaka.

Konklusjon:

- RHFa si strategigruppe tek informasjonen til orientering.

43/2014 Tilsetting i vitenskaplege stillingar ved tildeling av forskingsmidlar

På grunn av tidspress vart saka utsett til neste møte.

44/2014 Orienteringar frå HOD

- Utkast til oppdragsdokument for 2015
- Brev om felles oppdrag til RHFene og Helsedirektoratet om pasientrettet informasjon om kliniske studier
- Statsbudsjettet

Konklusjon:

RHFa si strategigruppe tek informasjonen til orientering

45/2014 Møtedatoar 2015

Arbeidsutvalet foreslår følgjande datoar for møta i strategigruppa i 2015, alle dagar 9.30-14.30:

- Onsdag 25. februar
- Onsdag 27. mai
- Torsdag 20. august
- Torsdag 15. oktober

Konklusjon:

RHFa si strategigruppe vedtek møtedatoar 2015 for RHF-a si strategigruppe for forskning.

46/2014 Referat

Vedlegg

- Referat frå RHF AU 12. juni 2014

RHF-enes strategigruppe for forskning

Kontakt

Sølvi Lurfald

solvi.lurfald@helse-bergen.no

Ingrid Kalsnes

Ingrid.kalsnes@helse-bergen.no

- Referat frå RHF AU 8. september 2014

47/2014 **Eventuelt**

Helse Sør-Øst orienterte kort om følgjande saker:

- Ipi-studien
- Eatris
- Samarbeid mellom OUS og UiO v/Medisinsk fakultet